



Ro



- **Sjå på denne jenta her, kva slags følelse trur de ho har?**
(Ho er roleg. Akkurat som den grønne figuren Ro.)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at ho kjenner ro?**
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Når vi føler ro er det ofte fordi vi har det trygt og godt, vi er kjent i barnehagen eller heime, og vi treng ikkje bekymre oss eller tenke triste tankar. Kanskje denne jenta syns det var godt å vere i barnehagen i dag fordi ho kjenner dei vaksne og barna der godt, og ho likar å leike med leikene der? Eller kanskje ho sit på dissa og gynger roleg fram og tilbake?).
- **Kva trur de jenta har lyst til no?**
(Kanskje ho har lyst til å fortsette med det ho driv med, og ikkje bli avbroten slik at ho må slutte? Kanskje ho har lyst å gjere på noko som er roleg saman med andre barn eller vaksne? Eller vil ho slappe av aleine litt?).
- **Kva trur de dei vaksne i barnehagen kan gjere slik at jenta har det fint når ho føler ro?**
(Dei vaksne kan passe på at ho får vere ein god plass, at det ikkje blir for mykje bråk. Kanskje ho hadde likt viss ein vaksen spurte om ho ville lese bok, eller om den vaksne sette seg ved sidan av og spurte om å få bli med på leiken eller det ho heldt på med. Av og til syns kanskje jenta at det er fint å få vere i fred med det ho heldt på med også).

Til dei eldste barna:

- **Kva trur de ho tenker på?**
(Når vi har gode følelsar som ro, er det lett å tenke gode tankar også. Kanskje tenker ho at her er det fint å vere, no er det kjekt å leike seg her, her kjenner eg dei andre og eg treng ikkje lure på kva eg skal gjere eller seie, her kan eg vere meg sjølv utan å bli redd eller lei meg).
- **Finst det ulike måtar å føle ro på?**
(Nokon vil kanskje vere litt hoppande og dansande, medan andre er litt meir stille i kroppen. Nokon vil kanskje vere saman med andre, medan andre har lyst til å vere litt aleine. Nokon smiler og ler, medan andre kanskje er konsentrert i ansiktet fordi dei heldt på med noko spanande. Alle måtar å føle ro på er like riktige og bra)